

Blir verande i Sandvikslia

08.02.2010



Stein Olav Ølvestveit er glad for løysinga på plassproblemet. (Foto: Kvinnheringen)

**Børnes har vore lansert som eit mogeleg framtidig alternativ for Felleskjøpet, men det blir ikkje aktuelt .FK-butikken vert verande i Sandvikslia med både butikk og lager opplyser dagleg leiar Stein Olav Ølvestveit til Kvinnheringen.**

Felleskjøpet har leigd lokale, men no er det inngått ei kjøpeavtale samstundes som det er løyvd pengar til innløysing.

Anlegget skal no oppgraderast og butikkarealet vil bli auka til 450 kvadratmeter ved at ein tar i bruk dei tidlegare verkstadlokala. Det betyr ei tredobling av arealet i dag og det er ein stor fordel med tanke på presentasjonen av varer. Parkeringstilhøva blir langt betre. Truleg kjem det og eit lite tilbygg.

Felleskjøpet opnar i ny fasong påskken 2011